



Det kjem forhåpentlegvis mange staselege cruiseskip gjennom Storsund i sommar. Her ser vi MS Minerva 2.juli 2012

**Hurtigruteskipet MS FRAM kjem til Rosendal på laurdag. Dermed tek cruisebåtsesongen til i Kvinnherad. Det er meldt inn 9 skipsbesøk i sommar. Fleire av skipa vil venteleg gå gjennom Storsund, særleg når dei forlet Kvinnherad på si reise til neste hamn.**

Alt 5. mai er MS FRAM attende med eit fast passasjertal på 300 gjester.

Eit av dei største turistskipa til Rosendal i sommar er MV ADONIA med 750 passasjerar. Skipet har lagt inn Rosendal med to stopp 1.juni og 5. august.

Eit anna skip som vil ruva godt, er MS ALBATROSS med heile 800 gjester.

I tillegg til desse kan vi venta mange skip gjennom Storsund på si reise frå Ulvik/Eidfjord og ut Hardangerfjorden på ettermiddag og kveldstid.

Tekst: Kristian O. Bringedal

Foto: Hans O. Østebø

Nett: Thor Inge Døssland